



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 4

August 2023

74. årgang



Min Salme.....	3
Krise og vekst.....	4
Trusopløring.....	5
Nytt frå Gol og Herad	6
Nytt frå Hemsedal.....	7

Val og kandidatar	8
Digital førehandsstemming	9
Livets gang.....	10
Gudstenestelista	11
Barneside	12

GOL OG HERAD KYRKJEKONTOR

Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån– fre 9.00–15.00
Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje:
Kjellfred Dekko
Tlf: 32 02 91 35 • Mobil: 926 41 198
kjellfred.dekko@gol.kommune.no

Sokneprest:
Arnstein Bleiktvædt
Mobil 95828706 – Fri måndagar
arnstein.bleiktvædt@gol.kommune.no

Diakon:
Martha Frøyland Bleiktvædt
Permisjon

Diakonimedarbeider:
Sissel Rudningen Mobil: 47627663
sissel.rudningen@gol.kommune.no

Gerd Eli Berge Mobil: 41508155
gerd.eli.berge@gol.kommune.no

Organist:
Justin Vickery
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00
Mobil: 474 75 580
justin.vickery@gol.kommune.no

Kyrkjetenarar:
Ludvig Munkejord Mobil: 911 22 763
Knut Ole Klepp Mobil: 906 58 761

Sekretær
Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

Trusopplærar
Britt Marie Haraldset
Mobil: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

Leiar sokneråd og fellesråd:
Gunn Astrid Frøysok Mobil: 990 34 376

Ope hus Hemsedal

Velkommen til Ope hus på
Kyrkjestugu kl 11 desse dagane:

Tysdag 5.september fortel
Ingrid Wigernæs om oppveksten
i Hemsedal og langrennslivet sitt.
Det blir også som vanleg nysteikte
vaflar, dikt quiz.

Sundag 1. oktober blir feiring av
den internasjonale eldredagen.
Song og underhaldning ved
Joakim Hansen Solbakken og ord
for dagen ved Toril Venås
Sørensen. Kaker, kvikaku og kaffi.
Arr: Ope hus komiteen
og pensjonistlaget.

Ope hus-komiteen

HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Hemsedal kommunehus
Eksp. tid mån– tor 9.00–14.00
Tlf: 31 40 88 45
kyrkja@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje:
Irene Markegård
Tlf: 31 40 88 45 • Mobil: 48 20 20 20
irene.markegard@hemsedal.kommune.no

Sokneprest:
Camilla Osnes – Fri måndagar
Mobil: 977 15 677
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Sekretær (dåp, vigsel og gravferd):
Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

Trusopplærar:
Britt Marie Haraldset
Mobil: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

Kantor:
Peter Rødel Mobil: 401 08 339
peter.rodel@nesbyen.kommune.no

Kyrkjetenar:
Wilfried Westera Mobil: 971 09 922

Gravplassen Hemsedal:
Hans Vidar Sørensen
Mobil: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Leiar sokneråd og fellesråd:
Håvard Venås Mobil: 908 42 422

Sundagsskulen i Hemsedal

Sundagsskulen er for aldersgruppa
4 år - 7 klasse og møtes kl 10 - 11
på Kyrkjestugu, om ikkje anna blir
annonsert. Foreldre kan melde seg
inn i Facebook-gruppa
"Søndagsskolen i Hemsedal" der
det blir lagt ut informasjon.

10 september blir det oppstart på
Gudstenesta for store og små.
17 sept 8 okt 22 okt
12 nov 26 nov 17 des

Ta kontakt med Sigrid Falnes
på 91 58 89 45 om du har spørsmål!



Åpent hus Gol bedehus

Velkomen til formiddagstreff
28. september kl 11-13:

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året
Redaksjon: Irene Markegård, Ludvig
Munkejord (red.), Sølvi
Larsen Aalrust, Kjell Slåtten,
Gunnar Rudningen

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 3550 Gol
Kasserar: Arne Oddmund Tuv,
3560 Hemsedal.

Utgevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad

E-post: ludv@online.no

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal
2367.60.00097

Forsidefoto: Irene Markegård

Bli med på S-klubben!

**S-klubben er ein kristen barneklubb
for barn i alderen 5-12 år. I haust har
vi desse samlingane på Kyrkjestugu
onsdagar frå 17.30-19.00:**

11/10: Vanleg S-klubb; S-klubben
ute for 5-7. trinn, ulike aktivitetar
inne for de ifrå 5 år(siste året i
barnehagen) og oppover.

25/10: «Kirkerottene» for dei
yngste, til og med 3. trinn. S-klub-
ben ute for dei fra og med 4.trinn til
og med 7. trinn.

8/11: Vanleg S-klubb; S-klubben
ute for 5-7. trinn, ulike aktivitetar
inne for de ifrå 5 år (siste året i
barnehagen) og oppover.

22/11: Vanleg S-klubb; S-klubben
ute for 5-7. trinn, ulike aktivitetar
inne for de ifrå 5 år(siste året i
barnehagen) og oppover.

6/12: Juleavslutning.

3/1: Juletreff på Bygdaheimen.

Har du spørsmål, ta kontakt med
Anne Berit Ulsaker, tlf 977 63 842



Busstur til Nesbyen/Rukkedalen
torsdag 28.september kl 10.30. Me
besøker Levor Vestheim, Nes fjellkirke
og et nons på Nystølkroken kafé.

Påmelding til Sissel Rudningen
47627663 innan 21.september.

TEKST OG FOTO: KJELL SLÅTTEN

Min Salme

GUNHILD SØRUM



Gunhild sender stafettspinnen vidare
til Inger Lagmannsgård.

Salmegjesten denne gongen,
Gunhild Sørum, er opphavleg frå
Krødsherad. Ho kom til Gol med
familie i 1971. Der var ho så lærar
ved Gol ungdomsskule i 30 år.

I kraft av både utdanning og
interesse, har ho lenge hatt blikket
retta ut over eiga stovedør, mot
stader der forholda ikkje er like
idylliske som her heime. Under
åra i Gol har ho vore på to kortare
oppdrag i Afrika. Fyrst for Røde Kors,
i Niger i 1974, med tema "Ernæring
etter sveltkatastrofar". Seinare, på
80-talet, gjekk turen til Zambia
og Kongo Brazaville, i regi av
Namibiaforeningen. Der var temaet
fagplanar for vidaregåande skule,
til bruk i Namibia når landet vart
sjølvstendig. Det skjedde i 1990.

- Det er så mange fine salmar,
og vanskeleg å velje. Men eg vel
meg salmen "TENN LYS!". Det
er eigentleg ein adventssalme,
men kan godt brukast elles også.
Innhaldet i teksten rører meg, og
har tilknytning til noko eg har jobba
ein god del med, fortel ho.

Ho likar optimismen som kjem
fram i fyrste verset: "Må alle
dele håpet så gode ting kan
skje". Salmen appellerer til å vise
omsorg så "fanger får sin frihet og
flyktninger et hjem".

- Dette er jo svært aktuelt i dag,
og viser til det sosiale ansvaret
me har. Eg har sjølv hatt gleden
av å samarbeide med flyktningar
dei siste 10 - 15 åra, mellom anna
gjennom dei faste Torsdagstreffa
på Helselagsstugu og andre
aktivitetar me har hatt saman. Det
har vore svært gjevande, forsikrar
ho.

- Me må heie på alle som kjempar
"for frihet og for rett". Til det treng
dei hjelp og støtte frå oss alle,
understrekar ho.

Ho let seg også røre av
avslutningsverset, og det kosmiske
i at "jord og himmel møtes". Det
store universet møter det vesle
barnet, lagt på strå i ei krybbe.

«Tenn lys!»

Tekst: Eyvind Skeie
Melodi: Sigvald Tveit

Tenn lys, et lys skal brenne for
denne lille jord
Den blanke himmelstjerne der vi
og alle bor
Må alle dele håpet så gode ting kan
skje
Må jord og himmel møtes et lys er
tent for det
Tenn lys, to lys skal skinne for
kjærlighet og tro
For den som viser omsorg og alltid
bygger bro
Må fanger få sin frihet og
flyktninger et hjem
Tenn lys for dem som gråter og
dem som trøster dem
Tenn lys, tre lys skal flamme for
alle som må slåss
For rettferd og for frihet de trenger
hjelp fra oss
Må ingen miste motet før alle folk
er ett
Tenn lys for dem som kjemper for
frihet og for rett
Tenn lys, nå stråler alle de fire lys
for ham
Som elsker alt som lever hver løve
og hvert lam
Tenn lys for himmelkongen som
gjeterflokkene så
Nå møtes jord og himmel i barnet
lagt på strå

Velkommen til kyrkjeteater! «Kirkerottene og Viggo i tårnet»

Hemsedal kyrkje onsdag 25. oktober kl 17.30
Gratis inngang / Dørene opnar 17.10
Forestillinga varar ca 35. minutt.



«Kirkerottene» kjem til Hemsedal kyrkje!

25. oktober blir det
teaterforestilling i Hemsedal
kyrkje. Då kjem «Kirkerottene
og Viggo i tårnet».
Kirkerottene Vesle og Fredo
reiser rundt i kyrkjer i heile
landet, og no kjem dei til
Hemsedal! Nokon har kanskje
sett dei på film? Eller kanskje
nokon var på teater i Gol
kyrkje for to år sidan og såg
«Kirkerottene og kattunge»?
Kirkerottene er nokon
nysgjerrige og morsomme
rotter som bur i kyrkja og tar

barna med seg på spennande
eventyr!

Dette blir ein spennande kveld
som passar kjempegodt for
dei frå 3 til 6 år, men som heilt
sikkert kan vere morosamt for
dei som er litt yngre og litt eldre
og! Berre ta med fantasi, humor
og undring og la rottene trekke
deg med inn i historia!
Gjennom historia blir barna
inviterte til å undre seg over
kyrkjerommet saman med
kirkerottene og la seg fascinere
av Jesusforteljningane som alltid
har ein sentral plass.

ANDAKT

Krise og vekst

Kriser endrar oss. Krisa kan vera som ein plog som skjær gjennom kvardagslivet og kvardagstankane og etterpå må vi så på nytt eller la ugraset gro. I bibelen møter vi mange som ofte kjem ut for større eller mindre kriser. Ei krise som er veldig nærliggande å tenkje på er det Noa opplever. Ein flom som dekkjer heile jorda. Når flaumen er over tek Noa straks i gang med å dyrke jorda og det blir ei ny byrjing på menneskeslekta og naturen. Maria får beskjed om at ho skal bli med barn, ein beskjed som var både gledelig og skremmande på sama tid. Livet gjekk ikkje som planlagt. Peter fornektar Jesus tre gonger trass at han tydeleg hadde sagt at han ikkje kom til å gjera det.

Kriser er vondt, og skal ikkje løftast opp som eit ideal. Når derimot krisa er ute så er ho ei stor moglegheit til endring og vekst. Vi kan oppdaga nye ting i oss sjølve, få eit nytt perspektiv. No etter flaumen, som var utruleg dramatisk og har mange økonomiske konsekvensar og øydelegging vi helst skulle vore for utan, så har mange vist takknemlegheit for at ingen liv gjekk tapt. Det er heilt forferdeleg å miste bustaden sin. Og økonomien har aldri vore tøffare. Likevel ser vi at vi beheld det viktigaste, dei vi er glade i.

Sjølvsamt eg og mine stort sett trygge heile krisa, men ein følte seg ganske liten i møtet med så store krefter. Og ein blir minna på at ingenting av det vi eig skal vi ta med oss. Det er på lån vi sit med alt saman, for ingenting kan vi ta med oss når tida vår er ute. Og til og med før det så kan hus og alt vi har i det vaskast burt på ein kveld. Men tida vi bruker på dei vi er glade i kan ikkje takast bort. Og Guds kjærleik til oss kan heller ingen krise ta frå oss. Sjølvsamt om krisa kan gjera ho vanskeleg å sjå gjennom mørket.

Krisa er som ein plog som skjer gjennom kvardagen vår. Gud, gjev oss din kjærleik, mot og styrke til å plante på nytt når alle røtene våre blir rivi opp. Slik at nytt liv kan spire opp og bli til noko nytt. Som, trass alt det vonde, kan bli noko fint likevel.

– ARNSTEIN BLEIKTVEDT



TRUSOPPLÆRING
OG FAMILIEAKTIVITETAR I KYRKJA



Kyrkja tilbyr varierte aktivitetar for alle i alderen 0 til 18 år, i regi av trusopplæringa. Vi ynskjer å tilby aktivitetar som er spennande og som kan gi kjennskap til kristen tru og tradisjon, gjennom leik, bibelforteljing, song og musikk, bøn, konkurransar og mykje anna. Dette er ein del av kyrkja si trusopplæring, etter at denne vart teken ut av skulen. Vi sender ut invitasjonar til døypte og trusopplæringsabonnentar men ynskjer alle velkommen, uavhengig av livssyn. Ta gjerne kontakt dersom du vil at ditt barn skal få invitasjonane i posten.

Her er ei oversikt over hausten 2023. Det blir sendt ut nærmare invitasjon, men merk dykk aktivitetane allereie no!

Gol og Herad

1.klasse

17., 23. og 27. august

Førsteklasses – vi feirer skulestartarane litt ekstra!

Sundag 27. august er dei spesielt velkomne til gudsteneste i Herad.

1.-3. klasse

17. november kl 8.30-16.00

KA-dag – aktivitetsdag i kyrkja og på bedehuset på skulen sin planleggingsdag.

4.-7. klasse

15. september

Between-klubb på Gol bedehus.

10. november

Minikiosk, biljard, bordtennis, spel, kort andakt.

5. klasse

2.-3. desember

Lys Vaken med overnatting i Gol kyrkje.

Avsluttast med gudsteneste med kyrkjekaffi i Gol kyrkje søndag kl 11.00.

8. klasse og oppover

9. september, 20. oktober, 11. november og 15. desember

Amadeus

I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysang** på Frelsesarmeen torsdag føremiddagar og Gullrekka for 0 – 13 år på bedehuset desse fredagane: 25/8, 22/9, 20/10, 17/11, 15/12. Vi har og **middag sammen**, andre torsdag i månaden, der heile familien kan kome på torsdagsmiddag på Gol bedehus til måltidsfellesskap, leik og prat.



Hemsedal

1.klasse

31. aug, 4. og 10. september

Førsteklasses – vi feirer skulestartarane litt ekstra!

Sundag 11. september er dei spesielt velkomne til gudsteneste i Hemsedal kyrkje.

3.-6. klasse

14.-15. oktober

Lys&Liv-festival i Hemsedal kyrkje/Kyrkjestugo.

Barnefestival med mange ulike aktivitetar. 5. og 6. klasse er velkomne til å overnatte i kyrkja.

Avsluttast med gudsteneste med kyrkjekaffi i Hemsedal kyrkje søndag kl 11.00.

Lys&Liv-koret øver på Kyrkjestugo 21.9, 28.9 og 12.10 kl 14.30-15.30

I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysang** på Familiens hus ca. annakvar onsdag kl 10-12, **Sundagsskulen** for alle frå 4 år på Kyrkjestugo, **S-klubben** frå 5 år på Kyrkjestugo annakvar onsdag.

Britt Marie Haraldset

Kyrkjelydspedagog i Gol og Hemsedal
95122136 / britt.marie.haraldset@gol.kommune.no



BABYSANG OG SMÅBARNSTREFF

Familiens hus og Hemsedal kyrkje samarbeider om småbarnstreff og babysang.

Vi ønsker å skape eit møtepunkt der foreldre og barn kan møtast, for hygge og kos. På småbarnstreff blir det aktuelle tema som angår småbarnsfasen. På babysang blir det song, dans, rim og regler. Gamle og nye barnesanger. Kyrkjelydspedagog Britt Marie leier sangen. Helsesjukepleier Hilde vil vere tilgjengeleg for spørsmål.

Vi samlast på Familiens hus på onsdagar:

10.30 – start, litt tid for leik og prat
11.00 – Babysang eller tema
11.30 – Lunsj og leik
12.30 – slutt

Det blir servert enkel lunsj, kaffe og te.

Velkommen!



Hausten 2023:

30. august – babysang
6. september – småbarnstreff
13. september – småbarnstreff
20. september – babysang
27. september – babysang
11. oktober – babysang
18. oktober – småbarnstreff
25. oktober – babysang
1. november – småbarnstreff
8. november – babysang
15. november – småbarnstreff
22. november – babysang
29. november – småbarnstreff

Velkommen til store og små Middag for alle

Når: **Torsdag 28. september**
kl.17.00-19.00

Hvor: **Kyrkjestugu**

Middag mellom
kl.17.00 og 18.00

Vi håper å se både deg som er ny i Hemsedal og deg som har bodd her hele livet – og alle imellom. Ta gjerne med deg familien, en venn eller naboen!

Etter middagen kan du bli kjent med det som skjer i bygda vår og alle vi som bor her. Det blir tid for lek på den nye lekeplassen eller du kan fortsette praten inne med andre.

Arrangør: Hemsedal Idrettslaget, Bua Hemsedal, Hemsedal Frivillighetssentralen og Hemsedal kyrkje.



Between -klubb

Hei du! Går du i 4., 5.,
6. eller 7. klasse?

Så bra! Da er du invitert på klubb-kveld på Gol bedehus!

Hausten 2023 er datoane for Between:

Fredag 15. september kl. 19.00-20.30
Fredag 10. november kl. 19.00-20.30

(Med forbehold om endringar – endringar meldes på SMS/e-post til dei som har samtykke)

Det blir: mat, minikiosk, kort andakt, mulighet til å spille bordtennis, biljard, brettspill... akkurat så morsomt som DU er med å lage det!

Ta med ein venn og kom!
Spørsmål? Britt Marie - 95122136

Amadeus

Ungdomskvelder på Gol bedehus for deg fra 8. klasse og oppover. Fredag eller lørdag en gang i måneden kl. 20.00-22.00.

2 typer ungdomskvelder:

Klubb – mulighet for biljard, bordtennis, brettspill. Minikiosk.

Tema – felles aktivitet som film, bobleball, leik, hobby, baking eller noe annet gøy – åpent for forslag!

Datoar hausten 2023:

Laurdag 9. september – tema
Fredag 20. oktober – klubb
Laurdag 11. november – tema
Fredag 15. desember – klubb

Vil du ha SMS i forkant med påminning og informasjon om tema?
Spørsmål?

Ta kontakt med
Britt Marie på 95122136

Nytt frå Hemsedal kyrkje

TEKST: IRENE MARKEGÅRD

Gjevartenesten

Vi har mange faste gjevamar, men treng fleire. Med bidraget ditt, gjer du det mogleg for oss å halda fram med eit høgt aktivitetsnivå og eit variert tilbod. Ein stor del av arbeidet i Hemsedal kyrkje byggjer på frivillig innsats og innsamla midlar. Dette gjeld særleg kyrkjemusikalsk arbeid, diakoni, barne- og ungdomsarbeid, Lykkja kapell og Kyrkjestugu. Gjevartenesta er viktig, både det som blir gitt fast og det som blir gitt som enkeltgaver som kollekt, gåver og arv.

Nytt deg gjerne òg av moglegheita til samtidig å få frådrag i skattepliktig inntekt for pengegaver gitt til trus- og livssynssamfunn.

Gjevartenesten i Hemsedal kyrkjelyd har vorte enklare. Klikk deg inn via QR koden eller finn info på hemsedal.kyrkja.no/gjevartenesten for å lesa om gjevartenesten. Her er det òg enkelt å registrera seg for å bli fast gjevamar.



QR kode givertjenesten



QR kode frivillig

Skattefrådrag på gåver som blir gitt til kyrkja

Hemsedal kyrkjelyd har no fått eit system som gjer det mogleg å få skattefrådrag på gåver som blir gitt via vipps. Når du gir gåve via Vipps nummer 105608 har du no moglegheit for å enkelt godkjenna at gåver blir rapportert til skattestyresmaktene slik at du får skattefrådrag, om gåva gjennom året er på minst 500 kr totalt. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål.

Soknerådsmøter i haust

Soknerådet møtast kvar månad på Kyrkjestugu og høyrer gjerne frå deg om det er saker du ønsker skal takast opp. Ta kontakt med kyrkjekontoret. Inga sak er for liten, og inga sak for stor. Datoar i haust: 26/9, 24/10, 5/12. Alle møtebøker finn du på hemsedal.kyrkja.no.

Vil du registrere deg som frivillig?

Kunne du tenke deg å gjera noko for andre, gjera noko meningsfullt eller bidra i kyrkja sitt arbeid? Kanskje er du glad i å snakke med folk på telefon, vera saman med barn eller ungdom, læra nye ting eller læra bort noko til andre? Er du glad i praktisk arbeid? Kunne du tenke deg å vera med ein gjeng frivillige i arbeidet som skjer i kyrkja? Sit du inne med nokon kreative idear?

Klikk deg inn via QR koden eller finn info på hemsedal.kyrkja.no/frivillig

Saman skaper me kyrkje!

Nytt frå Gol og Herad

TEKST: KJELLFRED DEKKO

Den berande stemma i orgelet som står i Herad vart restaurert, og har no ein heilt annan klang enn tidlegare. Det er dei synlege pipene i fronten som er støypt om, og som har fått gull i tonehola. Legg merke til dei nye fasadepipene og lyden no etter at heile orgelet er intonert på nytt. I haust spelar organist Justin Vickery ein konsert på det nyrestaurerte orgelet.

Namna minnelund ved Gol kyrkje er teken i bruk. Gjerde og portar står att, og etterkvart vil den nye gravplassen framstå veldig fin. Folk spør også etter ein tilsvarande urnelund på Herad kyrkjegard, og den er under planlegging i desse dagar.

Det er store lekkasjar i taket på Gol kyrkje, og vatn renn inn ved regnver. Me har fått ein rapport som seier at desse skadene må vera reparerte innan fem år. Hvis ikkje vil det gå hardt utover interiøret. Riksantikvaren har løyvd ein million kroner til tiltaket som totalt vil koste om lag 6 millionar kroner.

Herad kyrkje har fått nokre strøk med beis i sommar. Det er dei solslitte veggane som er prioriterte.



Middag sammen

Åpent middagsfellesskap med enkel middag!

Velkommen til å spise middag sammen hver andre torsdag i måneden på Gol bedehus! Målet med arrangementet er sosial sammenkomst og fellesskapsbygging, og ikke et kristent møte.

Høst 23: 14. sept, 12. okt, 9. nov og 14. des.

Maten står framme fra 16.30 til 17.30. Kom og gå som du vil.

Maten er gratis. Åpent for ALLE!

Det er mulighet til å gi ei gave til arbeidet.

Bedehuset er åpent fra klokka 16.00. Ha gjerne tid til litt lek for barna, prat og hygge!

Spørsmål? Vil du hjelpe til?
Gol og Herad kyrkjekontor - 32029000



Torsdagstreff Plan for høsten 2023

Torsdagstreff er en møteplass for kvinner og barn fra ulike kulturer. Det er eget opplegg for barn. Ønsker du skyss ring Gunhild tlf. 97181627.

Pris: Voksne kr. 20,- / Barn kr.10,

En torsdag i måneden
kl.18.00 - 20.00

**Sted: Helselagshuset/
Frivilligsentralen**

Arr: Gol Røde Kors, Helselaget og Diakoniutvalget

24. august:

Tema: Førstehjelp ved Gol Røde Kors
Mat fra skogen

21. september:

Tema: Gleden når vi lytter til hverandre v/Ida M. Rump
Mat: Grønnsakssuppe fra Renslotunet

19. oktober:

Tema: Strikking og hekling
Mat: Ukrainsk ved Lily

16. november:

Tema: Vi lager julepynt
Mat: Litauisk ved Birute

14. desember:

Tema: Juletradisjoner
Mat: Risengrynsgrot og lussekatter

Du kan vera med å bestemme

No er det snart val – få oversikta og stem på kandidatane dine!

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved kyrkjevalet 11. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Alle medlemmar over 15 år har stemmerett. Vær merksam på at i år blir det ikkje sendt ut valkort. Ved både forhåndsstemming og på valtinget må du ha med legitimasjon.

HUGS LEGITIMASJON

HEMSEDAL SOKN

Hemsedal sokneråd har 6 medlemmer + prest og 4 varamedlemmer.

Kandidatar i prioritert rekkefølje:

1. Håvard Venås, 1963
2. Monika Bakko, 1969
3. Anders Teigen Bakke, 1987
4. Leif Erik Haug, 1973
5. Sigrid Lovise Riska Falnes, 1964
6. Oskar Sunde, 1989
7. Arnt Egil Halsvik Skansen, 1972
8. Liv Marit Gran, 1973
9. Nina Oleanne Ulsaker, 1963
10. Ole Embrikgård, 1972

Førehandsstemming:

31/8 kl 15.00-20.00, Kyrkjekontoret
6/9 kl 10.30-12.30, Bygdaheimen

Valting:

11/9 kl 09.00 – 21.00,
Hemsedal kultursal, foaje

GOL OG HERAD SOKN

Gol og Herad sokneråd har 8 medlemmer + prest og 5 varamedlemmer.

Kandidatar i prioritert rekkefølje:

1. Kjetil Thorgeir Storebråten, 1962
2. Ingebjørg Olaus By Teigen, 1958
3. Hilde Midtgård, 1969
4. Helge Krusedokken, 1973
5. Anne Anderdal, 1996
6. Ellen Hesla, 1953
7. Dag Vermåker, 1976
8. Didrik Arup Seip Hjort, 1959
9. Inger Lagmannsgård, 1947
10. Ole Roar Hagen, 1970
11. Sonja Vestheim, 1969
12. Arnhild Viljugrein, 1953
13. Bjørg Inger Møllerplass, 1942

Førehandsstemming:

T.o.m 8/9 (tys og tors)
kl. 12.00-14.00, Kyrkjekontoret
31/8 kl 12.00-20.00, Kyrkjekontoret
6/9 kl 11.30 - 12.30 på Helsetunet
kl 12.45 - 13.15 på Rundingen
kl.13.30 - 14.00 i Furuvegen


Valting:

11/9 kl 09.00 – 21.00,
Gol samfunnshus

Digital førehandsstemming

Di stemme. Ditt val Stemma di tel.

Bruk stemmeretten din og stem på kyrkjevalet 11. september.



Nytt ved kyrkjevalet i år er at du kan førehandsstemme digitalt på www.kyrkjeval.no. Dette er mogeleg i perioden 10/8 – 6/9. Trykk på «stem digitalt» og logg inn med bankid eller annan elektronisk id. Her vil du sjå kvar du har stemmerett. Merk av stemmesetelen til den lista du vil gi stemme til, gjer eventuelle endringar og stadfest. Hugs at du kan stemme på både soknerådvalet og bispedømmerådet.

To val

Ved kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til sokneråd og til bispedømmeråd/Kyrkjemøtet.

1. LOKALVAL

Her stemmer du på det lokale soknerådet ditt. Dette rådet skal i dei neste fire åra bestemme kva kyrkja di skal gjera av kyrkjelydsarbeid som til dømes sosialt arbeid, kulturarrangement og kva kyrkja skal tilby til barn og unge i området. I soknerådsvalet stemmer du på ei liste frå nominasjonskomiteen.

2. VAL TIL BISPEDØMMERÅD/ KYRKJEMØTE

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømmeråd og utgjer saman Kyrkjemøtet, som er kyrkja sitt øvste organ. I val til bispedømmeråd/Kyrkjemøtet er du med på å bestemme kven som utgjer bispedømmerådet og kyrkjemøtedelegane i Tunsberg (Buskerud og Vestfold). Bispedømmerådet jobbar strategisk med å samle og formidle kunnskap om utvikling i kyrkjelydane, driva utviklingsprosjekt og fremje samarbeid mellom kyrkjelydar i Tunsberg. I Tunsberg stiller desse lister: Bønnelista og Frimodig kirke (listesamarbeid), Nominasjonskomiteen og Åpen folkekirke.

I begge vala er det høve til å gjere endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatar. Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på www.kyrkjeval.no.



Kven meiner du skal leia kyrkja dei neste fire åra? Les meir om valet, listene og kandidatane på www.kyrkjeval.no

Ønsker du å støtte kyrkjebladet?

For å drifte kyrkjebladet er vi avhengig av bladpenger og gaver. Ønsker du å støtte kyrkjebladet kan du Vipps til vippsnummer 591790 eller overføre via bank til konto 2367.60.00097

vipps

Kyrkjebladet



591790
Vipps nummer

Gol og Herad kyrkje



517300
Vipps nummer

Hemsedal kyrkje



105608
Vipps nummer

Lykkja kapell



542742
Vipps nummer

LIVETS GANG

DØYPTE

GOL KYRKJE

Sofie Therese Hamre

HERAD KYRKJE

Sophia Nyborg Haugen

OSET FJELLKIRKE

Hennie Olaus Granli Norhaug

HEMSEDAL KYRKJE

Tiril Mo Ulsaker, Tønjum kyrkje
Hanna Oline Sollien Strikwerda

VIGDE

GOL KYRKJE

Ida Therese Settnøy Nyheim
og Stian Haugen Hamre

Marie Ødegaard
og Atle Handeland

HERAD KYRKJE

Camilla Hødnebo Nygaard
og Claus Rune Bulken Kollane.

HEMSEDAL KYRKJE

Marie Søberg
og Erik Stein – Andersen

Ingvild Hagen
og Peder Christen Devold Asbjørnsen

Marianne Amundsen
og Fredrik Bergeid Sundby

Kristine Henriksen Geitle
og Isak Vamråk Førde

Camilla Kleppe
og Andreas Oterholt

Kine Skog
og Steffen Klungerbo Rennan

Terhi Raudaskoski
og Jens – Olaf Breivik Lingaas

FAUSKO

Karianne Helgerud
og Frode Bornø Olufsen

LYKKA KAPELL

Kristin Munkejord
og Paul Swales

DØDE

GOL KYRKJE

Morten Staff f.1979
Gunnar Løstegård f. 1944
Ingvald Haugstad f. 1932

HERAD

Reidun Jorde f.1964

GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS
Bente Andreassen
Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ
Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Vakt tlf: 97 41 41 00

**JØLSTAD - HALLINGDAL
GRAVFERDSBYRÅ AS**
Vakt tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no



Språkkafé

På Gol bibliotek kl 17-19!

Torsdag 31. august
Torsdag 28. september
Torsdag 2. november
Torsdag 7. desember

Vi snakker og lærer norsk sammen, over en kopp kaffe/te. Om vi er mange eller få så blir det et trivelig fellesskap. Velkommen til små og store!

Dette er et gratis tilbud og åpent for alle.
Kontaktperson: Karin Bjørge 902 87 526
og Sissel Rudningen tlf. 476 27 663



Lys & Liv -FESTIVALEN VATN

Går du i 3.-6. klasse?
Då kan du bli med på
Lys&Liv-festivalen i Hemsedal!
Merk deg datoane
14.-15. oktober!

Det berre å melde seg på
og begynne å glede seg!

Det blir fellessamling,
aktivitetsgrupper (til
dømes agent, mat, hobby.),
overnatting for 5.-6. klasse
og festivalgudsteneste på
sundagen!

Det blir Lys&Liv-kor i år og!

**Kjellaug Solbakken leier øvingar
21.9, 28.9 og 12.10 kl 14.30-15.30
på Kyrkjestugu.**

Invitasjon kjem i posten
til alle døypte og
«trosopplæringsabbonenter»
(foreldre som har registrert ønske
om invitasjonar) i Hemsedal,
men festivalen er open for ALLE
3.-6.-klassingar, og frå andre
kommuner - ta kontakt!
Spørsmål kan rettast til Britt Marie
Haraldset: 95122136 /
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no



Normisjon Hemsedal startar opp
hausten med sundagsmøte søndag
17. september
på Kyrkjestugu.
Denne gongen kjem
Svein Tony Gårdsø.

Møtestart 19.30
og kaffi fra 19.00.

GUDSTENESTELISTA

3. SEPTEMBER

Vingardssundag
GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

10. SEPTEMBER

15. søndag i treeiningstida
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Førsteklasses gudstjeneste. Kyrkjekaffe

HERAD KYRKJE KL.19.00
Presentasjonsgudsteneste av
konfirmantar.

17. SEPTEMBER

16. søndag i treeiningstida
GOL KYRKJE KL.19.00
Presentasjonsgudsteneste av
konfirmantar

24. SEPTEMBER

17. søndag i treeiningstida
HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00
Presentasjonsgudsteneste av
konfirmantar

1. OKTOBER

18. søndag i treeiningstida
GOL KYRKJE KL.11.00
Eldres dag gudsteneste

KYRKJESTUGU KL.16.00 (mat) /
Kl.17.00 (møtestart)
Møtepunkt – Ord: Vendepunkt med
Trond Skaar Dokka
Barnegrupper.

8. OKTOBER

19. søndag i treeiningstida
HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

15. OKTOBER

20. søndag i treeiningstida
GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Lys og liv festivalgudsteneste.
Kyrkjekaffe

22. OKTOBER

21. søndag i treeiningstida
HERAD KYRKJE KL.11.00
Pilegrimsgudsteneste.

29. OKTOBER

Bots og bønedag
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

GOL KYRKJE KL.19.00
Kveldsgudsteneste

3-5. NOVEMBER

Møtepunkt-tur til Hermon
høyfjellshotell. Se egen info.

5. NOVEMBER

Allehelgensundag
GOL KYRKJE KL.11.00
Allehelgen

HERAD KYRKJE KL.18.00
Allehelgen

HEMSEDAL KYRKJE KL.18.00
Allehelgen

Velkomen til SLUSHleiar kurs!



De som går i 5. – 8. klasse er
supergode leiarar for barna! Vi vil
difor invitere dykk til eit morosamt
og lærerikt SLUSHleiar kurs på
**Kyrkjestugu i Hemsedal laurdag
9. september klokka 10-16**

Du får kursbevis når du er ferdig
med kurset!

Ingunn Johnsen og Irene Gundersen
Søndagsskolen Norge

Kva skjer på SLUSHkurset?

- Du lærer om å vere leiar
- Du oppdagar kva DU er god til!
- Du blir kjent med den raude tråden i Bibelen
- Du får SLUSH, pizza og mykje anna godt!
- Vi har masse aktivitetar!
- Vi får lære litt om Sprell levende
- Vi får ein smak av Aldri alene

**Påmelding innan 4. september
til Britt Marie -951 22 136**

Moro på Sprell levande leir!

24-25 juni arrangerte Hemsedal
Sundagskule Sprell levande
leir (tidligere høgt og lågt) på
Storeskar. Det var 14 deltakarar. På
lørdagen delte vi deltakarane opp
i 2 grupper, terrengsykling og 61
grader Storeskar med både kano,
rappell og smakstesting. Dei eldste
overnatta i telt medan dei yngste
reiste heim på natta. Utanom
aktivitet har vi lært at alle er skapt
perfekt i Guds bilde, samt spela
frisbee, leika og bada. Veret var like
fantastisk som det plar vere
på leir med sundagskula.

TEKST: TEKST: OLA JORDHEIM
OG EIVOR RIMSTAD INTELHUS
FOTO: BRITT MARIE HARALDSET
OG MERETE FLØRENÆSOG






BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



Vitsar

Så var det dei to forelska blekksprutane som gjekk arm i arm i arm i arm ...

Kva gåver blir vi sjeldan glade for? Oppgåver.

Har du høyrte om han som sov så tungt at senga knakk saman?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn fem feil!

Her er Jesus på besøk hos Sakkeus. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli



Søndagsskolen - mer enn du tror

